

Utgreiing for Maskinsenteret Vestland AS 2023(Rapportering etter åpenhetsloven §5)

Innleiing

Maskinsenteret Vestland AS har ansvar og plikt til å fremja menneskerettar og gode arbeidsforhold på arbeidsplassen. Samtidig er Maskinsenteret del av ein internasjonal varestraum og ser si rolle i dette kretsløpet. Maskinsenteret er detaljist og forheld seg i det alt vesentlige til store importørar. Desse importerer varene som Maskinsenteret distribuerer i eige distrikt.

På bakgrunn av §5 i åpenhetsloven skal Maskinsenteret offentleggjere ei utgreiing. Denne utgreiinga skal ta for seg våre vurderingar av aktsemd i verksemda vår. Der skal både lokale og globale forhold takast med.

Verdiane våre

Sal av landbruksmaskiner, verkstadtenester og sal av reservedeler er verksemda vår i ein hovedsum. Det blir ikkje tilverka noko lokalt anna enn tenester, men verksemda sel produkt til sluttbrukar gjennom reparasjonar eller gjennom separate sluttprodukt. Våre vedtekne verdiar er: «støttande, kompetent og fleksibel». For at desse verdiane skal prege organisasjonen så må arbeidsstokken oppleve eit godt arbeidsmiljø. Maskinsenteret er bevisst dette ansvaret. Selskapet er knytt til Bedriftshelse 1 som er ei bedriftshelseteneste. Dette skal vere med å ivareta tilsette. HMS er ivaretatt i selskapet og fysiske fasilitetar er topp moderne.

Miljøperspektivet

Maskinsenteret har sertifisert seg til Miljøfyrtårn. Dette er ledd i ein prosess der ein vil hensynta det ytre miljø og freiste minimalisere bedrifa sitt CO2-avtrykk. Selskapet trur på samanheng mellom ytre miljø og indre miljø opp mot tilrettelagte arbeidsplassar i tråd med norsk lov(arbeidsmiljøloven).

Vurderingar av aktsemd

Etter gjennomgang av lokale tilhøve når det gjeldt arbeidsmiljø ser me at ingen tilsette i dag er fagorganiserte. Etter vår aktsemdsvurdering så kan dette utgjere eit forbettingspunkt for neste år. Bakrunnen er Maskinsenteret sitt ynskje om at tilsette sine rettar skal vera ivaretekne.

Ein klar konklusjon av vurderingar rundt aktsemd i Maskinsenteret er at utanlandske leverandørar er ein kritisk faktor. Dette fordi at mange av våre produkt har sitt opphav i utvinning av mineral eller av arbeidsoperasjonar i utviklingsland. Det store strategiske spørsmålet blir korleis ein kan feste lit til underleverandørar i lys av åpenhetsloven.

Hovedproduktet vårt er Valtra traktor. Dette produktet blir importert av Eik Maskin. «Redegjørelse for Eik Maskin AS 2023» føl vedlagt her.

I tillegg er AT Import på Jessheim vår importør av Kuhn og Pöttinger som er sentrale redskap i portefølgen vår. Deira «redegjørelse» før vedlagt her.

Maskinsenteret er glad for å ha godt samarbeid rundt desse to importørane. Omsetning av varer frå desse to utgjer ein vesentlig del av salet vårt til sluttbrukar. Maskinsenteret ser ingen grunn til å foreta eigne vurderingar av aktsemd der desse to importørane er vår business partner i neste omsetningsledd.

Gafner – eigenimport av tørrgjødselvogner frå Sveits

I arbeidet vårt har me nytta spørjeskjema i nokre tilfeller der me ikkje har ein stor importør å forholde oss til. Maskinsenteret importerer ein reiskap frå Sveits som me sel på nasjonal basis. Her har me tatt

kontakt med Gafner og sent spørjeundersøking. På basis av svara der har me konkludert med at det ikkje er funne negative forhold og at det ikkje trengs fleire vurderingar pt. Det at denne fabrikken ligg i Svelts er blitt lagt positiv v ekt i vurderinga.

Eit anna tilfelle der me har nytta spørjeskjema er mot den svenske fabrikken Knarrhult som produserer grindsystem for småfe.

Konklusjon

Maskinsenteret Vestland ser at ein har ansvar for å gjere desse vurderingane av aktsemd kvart år. Prosessen kjem altså til å halde fram.

Utgreininga er signert dagleg leiar og styret 30.januar 2024


Kjetil Kvåle


Styreleiar


Tommy Uglum

Styremedlem


Svein Jarle Selseng

Styremedlem


Trine Lerum Hjellaug

Trine Lerum Hjellaug

styremedlem


Tom A. Salte

styremedlem


Audun Moen

Dagleg leiar